

# LOV FOR HORDALAND MÅLLAG

Vedteken på årsmøte den 8. mai 1971, med endringar og tillegg på årsmøta i 1978, 1979, 1987, 1988, 2001, 2003, 2008 og 2009.

## § 1 Føremål for laget

Hordaland Mållag vil arbeida for norsk målreising. Laget vil setja i verk og stø tiltak som fremjar og vernar nynorsk mål i bygd og by.

## § 2 Organisering

Hordaland Mållag skal vera eit fylkeslag av einskildmållag i Hordaland, og det skal vera innmeldt i Noregs Mållag. Lag tilslutta Norsk Målungdom kan verta med i Hordaland Mållag på dei vilkår som er sette i samarbeidsavtalen mellom NMU og fylkeslaga i Noregs Mållag. Ved sida av lag som samla melder seg inn i Hordaland Mållag, kan einskildpersonar koma med i laget når dei melder seg inn og betaler dei årspengane som årsmøtet fastset. Styret kan nemna opp heiderlagsfolk.

## § 3 Styre, ettersyn, valnemnd, skulemålsnemnd og utsendingar til landsmøtet

§ 3.1 Styret vert valt av årsmøtet. Styret er det høgaste organet mellom årsmøta. Styret skal ha 5 medlemmer og 5 varamedlemmer i rekkjefylgje. Leiaren vert vald fyrst i serskilt val for eitt år. Dei andre styremedlemmene er på val annakvart år, fyrste gongen etter lutdraging. Styret vel seg imellom nestleiar, skrivar og kasserar. Varamedlemmene vert valde for eitt år om gongen.

§ 3.2 Årsmøtet vel to ettersynsmenn og ein varaettersynsmann for eitt år om gongen.

§ 3.3 Årsmøtet vel ei valnemnd på tre medlemmer. Dei vert valde for to år om gongen, men slik at skiftevis ein og to av dei er på val kvart år. Valnemnda førebur alle vala so nær som valet på ny valnemnd. Her kjem styret med tilråding.

§ 3.4 Årsmøtet vel ei skulemålsnemnd. Nemnda skal ha 5 medlemmer og 3 varamedlemmer i rekkefylgje. Leiaren vert vald fyrst i serskilt val for eitt år. Dei andre medlemmene er på val annakvart år, fyrste gongen etter lutdraging. Nemnda vel sjølv nestleiar og skrivar seg imellom. Varamedlemmene vert valde for eitt år om gongen.

§ 3.5 Årsmøtet vel utsendingar til landsmøtet i Noregs Mållag mellom medlemmene i Hordaland Mållag. Vert det uråd å få valt utsendingar på årsmøtet, kan årsmøtet gje styret fullmakt til å velja utsendingar.

## § 4 Arbeidet i styret

Styret førebur, kunngjer og kallar saman årsmøtet, og set årsmøtevedtaka i verk. Styret tek mot årsmelding frå einskildlaga, fører rekneskap over inntekter og utgifter og bokfører talet på lagsfolk i kvart einskildlag og i fylkeslaget. Rekneskapen skal avsluttast den 31. desember.

## § 5 Årsmøtet

§ 5.1 Årsmøtet vert til vanleg halde innan midten av mars kvar år og er det høgaste organet i Hordaland Mållag.

§ 5.2 Styret skal senda innkalling til årsmøtet og framlegg til sakliste til lokallaga seinast to månader før årsmøtet. Sakspapir, medrekna tilråding frå valnemnda, skal sendast ut minst ein månad før møtet.

Når medlemmer sender inn grunngeve framlegg (lovbrigde, fråsegner eller andre saker), og dei er styret i hende seinast seks veker før årsmøtet, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er årsmøtet som fastset saklista endeleg. Årsmøtet kan stryka saker frå saklista med vanleg fleirtal. Saker som ikkje er sende inn innan fristen, kan berre setjast på saklista dersom det er 4/5 fleirtal for det.

Desse postane er obligatoriske:

- a) Godkjenning av saklista
- b) Oppnemning av ordstyrarar
- c) Fastsetjing av årsmøteføresegner
- d) Oppnemning av tillitsombod (t.d. røyseteljarar, fullmaktsnemnd, redaksjonsnemnd(er))
- e) Oppnemning av tre medlemmer til å skriva under protokollen
- f) Årsmelding
- g) Årsrekneskap med ettersynsmelding
- h) Budsjett
- i) Årspengar for neste år
- j) Val i samsvar med § 3

§ 5.3 Omframnt årsmøte vert halde etter vedtak i styret, eller når det blir kravt av så mange lag at representasjonsretten deira svarar til ein tredel av dei som har møterett på årsmøtet. På slike årsmøte kan det ikkje gjerast vedtak i andre saker enn den/dei som var årsak til innkallinga. Innkallingstida må vera minst tre veker.

## **§ 6 Rettar på årsmøtet**

Utsendingar frå dei einskildlaga som har sendt inn årsmelding og betalt årspengar for siste kalenderåret innan fastsett frist, har fulle rettार (tale-, framleggs- og røysterett) på årsmøtet. Utsendingar frå lag som ikkje fyller desse vilkåra, får røysterett berre dersom årsmøtet gjer vedtak om det.

Frå nyskipa lag som har betalt årspengar, kan 1 utsending få fulle rettार dersom årsmøtet gjer vedtak om det.

Utsendingar frå målungdomslaga i fylket har fulle rettार dersom laga har sendt årsmelding til rett tid.

Distriktsstyret i Vestlandske Målungdom har rett til utsendingar med talerett etter nærare avtale med Hordaland Mållag.

Einskildpersonar som er direkte innmelde i Hordaland Mållag, kan vera med på årsmøtet når dei har vore innmelde i minst 3 månader og betalt årspengane. Dei har tale- og framleggsrett, men ikkje røysterett.

Styremedlemene i fylkeslaget har tale-, framleggs- og røysterett, men dei har ikkje røysterett ved godkjenning av årsmelding og rekneskap.

Lagsfolk som ikkje er utsendingar, kan vera med i ordskiftet når årsmøtet gjer vedtak, om det.

## **§ 7 Rettar og plikter for lokallaga**

Einskildlag har utsendingsrett til årsmøtet i Hordaland Mållag når dei har sendt inn årsmelding til Hordaland Mållag og etter kor mange medlemmer som har betalt årspengar for siste kalenderåret innan fastsette fristar.

Einskildlag vel utsendingar med varafolk såleis:

Lag med 10 — 25 medlemmer 1 utsending, 26 — 50 medlemmer 2 utsendingar, 51 - 100 medlemmer 3 utsendingar, 101 - 200 medlemmer 4 utsendingar, 201 - 400 medlemmer 5 utsendingar, over 400 medlemmer 6 utsendingar.

Kvart år innan 1. mars skal einskildlaga senda årsmelding til styret i Hordaland Mållag.

### **§ 8 Rettar og plikter for målungdomslag**

Målungdomslaga i fylket vert kalla inn til årsmøte i Hordaland Mållag, Når det gjeld rettar og plikter for laga viser ein til § 7 i denne lova. Medlemene i målungdomslaga svarer ikkje årspengar til fylkeslaget, og skal heller ikkje telja med når talet på utsendingar til landsmøtet i Noregs Mållag skal fastsetjast. Når talet på utsendingar til fylkesårsmøtet skal fastsetjast, vert det teke utgangspunkt i kor mange medlemmer som har betalt årspengar til målungdomslaget innan fastsett tid. Målungdomslaga i Hordaland peikar ut ein representant som møter fast på styremøta i Hordaland Mållag med tale- og framleggsrett, og ein vararepresentant.

### **§ 9 Lovbrigde**

Årsmøtet kan brigda denne lova med 2/3 fleirtal. Framlegg til lovbrigde må vera kome inn til styret minst 6 veker før årsmøtet, og vera kunngjort til laga minst 4 veker føreåt som vanlege årsmøtesaker.

### **§ 10 Andre tilhøve**

Elles gjeld Lov for Noregs Mållag.